

Denne uttale er gjeve på vegne av:

Stølseigarar: Okshovdstølen, Heimdre Hedalsstølen, Øystre Hedalsstølen og Olestølen
Øystre Slidre Bondelag
Øystre Slidre Bonde- og Småbrukarlag
Beitostølen Hytteforening
Ole og Hedalen Vel

Til **Framsyn Fritid AS** (planID 202007 Liahaugstølen)

11. mai 2021

Uttale til varsel om oppstart av planarbeid for Liahaugstølen, annonsert i Avisa Valdres i april 2021

Varselet gjaldt oppstart av detaljreguleringsplan for Liahaugstølen i Øystre Slidre kommune innan eit område på 67 dekar, ovafor dei bygde områda i Stølslie, aust for Beitostølen sentrum. Det aktuelle området er i kommunedelplan for Beitostølsområdet avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF), med unnatak av eit område H1 på 19 dekar som er sett av til framtidig utbyggingsområde for fritidsbustader.

Vi motset oss på det sterkeste at det skal regulerast fritidsbustader i dette området, og ber om at planarbeidet vert stansa og lagt bort straks.

Planinitiativet er ikkje i tråd med overordna plan

Forslaget frå Framsyn Fritid AS følger ikkje opp kommuneplanen sin arealdel, som her er kommunedelplan for Beitostølsområdet. Forslaget bryt med den vedtekne kommunedelplanen, med at LNF-område innan eit svært verdifullt område er føreslått bygd ut.

Området har tidlegare vorte prøvd lagt ut til byggjeområde, og arealet H1 er avsett i kommunedelplan for Beitostølsområdet som eit kompromiss i samband med tidlegare mekling, samtidig som omkringliggende område vart avsett til LNF-område.

Arealet er svært verdifullt

Arealet er registrert som svært verdifullt beiteareal, og har også kvalitetar som naturområde og friluftsområde, og det har verdfulle landskapskvalitetar. Arealdisponeringa i seg sjølv er ikkje akseptabel på noko vis.

Både dette arealet og tilgrensande beiteområde dannar ein viktig del av driftsgrunnlaget for stølane i området. Dette påpeika tidlegare Fylkesmannen, no Statsforvaltaren, i brev til kommunen 9. mars 2011, jf. også brev av 10. mai 2010. Statsforvaltaren si motsegn til mellom anna H1 var grunngjeve i nasjonale målsetjingar om aktivt landbruk, levande stølar og kulturlandskap, og at det låg ein stor planreserve i forslaget til kommunedelplan. Det vart tilrådd at mellom anna H1 skulle takast med i ei omsynssone, både for å ivareta landbruks- og stølsinteressane, og for å oppretthalde ein buffersone mellom stølar og byggjeområde. Dette har kommunen førebels ikkje teke omsyn til, og vi meiner at diskusjonen om korleis desse ressursane skal takas i vare difor må takas på eit meir grundig vis når kommuneplanen sin arealdel no skal reviderast, og ikkje byggjast ut etter ein enkeltståande detaljreguleringsplan.

Framsyn Fritid AS verkar å ha det sære travelt

I informasjonsmøte den 28. april 2021 vart det spurt om kvifor denne reguleringa har slik hast, og ikkje kan venta til etter at kommuneplanen sin arealdel er rullert. Til dette svara Framsyn Fritid AS at dei for det første ikkje visste at arealdelen skulle rullerast no, og at det var ei tilfeldigheit at denne reguleringa kom akkurat no. Dei synte også til at ei rulling av kommuneplanen sin arealdel ville ta lang tid, opp mot 2-3 år, og at dei ikkje ville venta på dette.

For dei verdiane vi representerer, er ikkje 2-3 år lang tid. Det er her tale om for framtida å taka vare på produksjonsressursar som trengst for matproduksjon, ein produksjon som i dag gjerast på eit i høgste grad berekraftig vis. Det at det no er stor hast med å leggja til rette for opp mot 180 nye fritidsbustadeiningar, som attpå til vert presentert som berekraftige, på eit areal som skal vere grunnlaget for matproduksjon, seier i grunnen alt. Men Framsyn Fritid AS var sjølve inne på det; *Det mest berekraftige vil jo vere å lata vere å byggje noko her.*

Kraftig utbyggjing i natur- og beiteområde

I tillegg til det å øydelegge sjølve arealressursen, er vi sterkt uroa over at Framsyn Fritid AS ynskjer å leggje til rette for opp mot 180 nye fritidsbustadeiningar på tre etasjar, høgst oppe i lia oppunder tregrensa og grensande inn mot dei då resterande beiteområda. Ei slik utbyggjing vil også få stor negativ påverknad for mange av dei som har einebustader og folk som har fritidsbustader i tilgrensande område. Eit tiltak som dette, med så mange ekstra folk inn i området, vil føre til eit massivt og varig press på naturområda, og på dei tilgrensande områda med både fritidsbustader og stølar. Så mykje folk som med dette vil strøyme inn over desse områda, vil representere ein trussel mot område som i dag er nokolunde skjerma mot gjennomgangstrafikk. Det er meir enn nok trafikk her frå før, noko som mellom anna gjer at beitedyra stundom vert jaga.

Framsyn Fritid AS var i møtet 28. april inne på tanken om å byggje eit endå meir massivt gjerde enn det beitegjerdet som no er oppsett, for på det viset å sperre folk frå å bevege seg mot områda lenger aust. Dette meiner vi er, for å seia det sære mildt, ein heilt feil veg å gå. Vi ynskjer ikkje meir trafikk inn i områda mot aust, hovudsakeleg grunna omsynet til beitedyr. Men dette kan og må ein oppnå med heilt andre verkemiddel. Det eine er å lata vere å opparbeide stiar eller liknande i området. Det andre er å lata vere å byggje noko meir i området aust for og ovafor Stølslie.

Ei så kraftig utbyggjing som i skissene frå Framsyn Fritid AS vil også gje svært store negative landskapsverknader.

Store utbyggjingsreserver i vedtekne kommunale planar frå før

I høve kommunen er det i dag om lag 4 400 fritidsbustader i Øystre Slidre, medan gjeldande arealdel av kommuneplanen opnar for utbygging av om lag 2 000 fleire fritidsbustader, mao ein auke på 45 %. Vi meiner det er heilt grunnlaust å leggje til rette for 180 nye einingar for fritidsbustad på Liahaugstølen gjennom ein detaljreguleringsplan i eit konfliktfylt LNF-område, i motstrid med overordna plan, kort tid før kommuneplanen sin arealdel no skal reviderast.

Ei slik utvikling er ikkje berekraftig.

Kommunen må først revidera kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanen sin arealdel må no reviderast etter ein open medverkingsprosess, som grunnlag for framtidige arealdisponeringar. I samband med dette vil vi også syne til at i samband med varsel om oppstart for Skalstølen (Jostein Aanestad sitt private planinitiativ om å tilrettelegge for 3-4 nye bustader), uttalde Innlandet fylkeskommune den 25.08.2020 mellom anna: "*Planområdet er avsett til LNFR-areal i gjeldende kommunedelplan for Beitostølen fra 2011. Fylkeskommunen anbefaler generelt at vurdering av nye arealformål gjøres som del av arbeidet med overordnet plan – gjennom arbeidet med revisjon av kommuneplanen. Da har en et samlet kunnskapsgrunnlag for et større område og det er lettere å se helheten i arealutviklingen og konsekvensene av de ulike tiltakene.*"

Få dagar etter dette trakk Aanestad denne saka. Liahaugstølen er ei mykje større og mykje meir inngripande sak enn Skalstøl-saka. Vi meiner det difor må vere heilt opplagt at planinitiativet om Liahaugstølen også må trekkast. Det mest ryddige vil vere at Framsyn Fritid AS sjølve trekker saka, og ventar med initiativ til privat regulering til kommuneplanen sin arealdel er revidert. Om ikkje Framsyn Fritid AS trekker saka, vil vi innstendig be Øystre Slidre kommune som ansvarleg planmynde om å gjera det.

Naturtyper i området rundt Beitostølen skal kartleggjast i år, som grunnlag for arealforvaltninga

3. mai i år varsla Statsforvaltaren i Innlandet at det i 2021 vil bli gjennomført naturtypekartlegging i fire område i Innlandet fylke. Eitt av de områda som skal naturtypekartleggjast ligg i Øystre Slidre kommune, og det er området rundt Beitostølen. Statsforvaltaren har avgrensa dette området i et eige kart. Det området som Framtid Fritid AS har varsla planoppstart for, ligg om lag midt i kartleggjingsområdet for Beitostølen. Kartlegginga vil gå føre seg i mai – oktober 2021, og resultata vil verta tilgjengelege for alle via Naturbase i løpet av våren 2022. Statsforvaltaren seier at kommunen er informert om dette, og at målet med kartlegginga er å få på plass god stadfesta informasjon om naturen til bruk i mellom anna arealforvaltninga. Det at stadfesta informasjon er tilgjengeleg tidleg i ein arealplanprosess, vil kunne medverke til at det er enklare å ta omsyn til naturen, samt gje ein meir effektiv og føreseieleg planprosess.

Naturtypekartlegginga av området rundt Beitostølen er endå ein god og ein særsviktig grunn, ja eigentleg grunn nok aleine, til at planane til Framsyn Fritid AS no må stoppast. Denne kartlegginga har jo nettopp som føremål å vere ein viktig del av grunnlaget for arealplanlegginga i kommunen. Framsyn Fritid AS har ein framdriftsplan som gjer at dei ikkje vil taka omsyn til denne kartlegginga. Imidlertid vil det vere mogleg å leggja opp prosessen for revisjon av kommuneplanen sin arealdel slik at kartlegginga av naturtyper i Beitostølen-området vil kunne danna eit fint grunnlag for arealdelen. Dette bør Øystre Slidre kommune sjå på som ei kjærkomen gåvepakke frå staten.

Framsyn Fritid AS bør trekke saka no

Det beste Framsyn Fritid AS kan gjere, er at de sjølve trekker planinitiativet om Liahaugstølen no. Det er vårt klare råd. Vi skjøner at det kostar både tid, arbeid og pengar å drive på med utgreiing av dette planarbeidet, og det meiner vi det ikkje er nokon fornuft i forsette med. Konseptet med klimavenleie leilegheiter kan sikkert på mange vis seiast å vere framtidsretta, sett i høve til mykje anna utbyggjing. Men det høver på ingen måte med ei bymessig utbyggjing som dette, høgt oppe i denne lia. Det ville fått for mange negative og uakseptable konsekvensar på omgjevnadene. Eit råd kan difor vere at de tek kontakt med kommunen om det kan finnест anna areal, til dømes meir sentralt på Beitostølen kor ei slik utbyggjing moglegvis kan passe betre, og som er avklåra i gjeldande overordna plan.

Elles ber vi dykk om å vente med vidare utbyggingsinitiativ inntil Øystre Slidre kommune har revidert arealdelen av kommuneplanen sin, slik at de kan setja i gang detaljregulering som er i tråd med vedteke areal del av kommuneplanen. Som de sikkert veit, er det slik plan- og bygningslova legg opp til at planleggning skal skje.

Om ikkje Framsyn Fritid AS gjer det, må Øystre Slidre kommune stoppa saka no

No må Øystre Slidre kommune ta på alvor at kommuneplanen sin areal del skal reviderast, og at god planleggjingskikk er at overordna plan skal danna grunnlaget for detaljplanleggjing, og ikkje omvendt. Planprosessen som Framsyn Fritid AS har igangsett må stoppast no.

Vi legg ved uttala vår av 13. april 2021 adressert til politikarane i Øystre Slidre kommune, for nærmere grunngjeving for vårt syn på saka.

Med helsing for:

Terje Hålimoen 6/2

Anne Gjertrud S. Hanslien

Okshovdstolen 6/2

Fleirtalet av stølseigarane Heimdre Hedalsstølen

Terje Hålimoen

Anne Gjertrud S. Hanslien

Håkon Gjelstad Thomas Aslaksby

Fleirtalet av stølseigarane Øystre Hedalsstølen Fleirtalet av stølseigarane i Olestølen

Håkon Gjelstad

Thomas Aslaksby

Tove Grethe Kolstad

Øystre Slidre Bondelag
Tove Grete Kolstad

Marit Helene Bryhn-Svensen

Øystre Slidre Bonde- og Småbrukarlag
Marit Helene Bryhn-Svensen

Petter A. Knudsen
Styreleder
Beitostølen Hytteforening

Erling Eriksen
Ole og Hedalen Vel
Styreleder

Vedlegg:

Vårt brev av 13. april 2021 til Formannskapet og Kommunestyret i Øystre Slidre kommune

Kopi:

Øystre Slidre kommune (postmottak)

Avisa Valdres